

Silje Karin Hammer
Beitingsvegen 248
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/90 - 22/2685

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
11.01.2022

Innvilga konsesjon for overtaking av eigedom - gbnr 343/59 Ryland

Administrativt vedtak: Saknr: 044/22

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i konsesjonslova §§ 1 og 2, konsesjon til Silje Karin Hammer for overtaking av GBNR 343/59 Ryland i Alver. Den avtala kjøpesummen er på kr. 160 000.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga under.

Vedtaket vert sendt over til avdeling for kart og oppmåling for føring i matrikkelen. Søkjar vil få melding når dette er gjort og skøyte kan sendast til tinglysing

Saka gjeld

Silje Karin Hammer søker konsesjon for overtaking av gbnr 343/59 i Alver. Den avtala kjøpesummen er kr. 160 000. Tidlegare eigar er Trond Rune Rossland. Eigedomen er på 7 daa. Søkjar eig frå før 342/136 og 347/13. Det er opplyst at eigedomen var med i avtalen for overtaking av gbnr 347/13.

Søkjar oppgjev at bruken av arealet skal vera som før. Ei konsesjonshandsaming tek stilling til kven som skal eiga arealet, medan det er kommunen sine arealplanar som styrer arealbruken.

Gbnr 343/59 er i gardskart registrert som produktiv skog.

VURDERING:

Gbnr 343/59 er konsesjonspliktig fordi den ligg i LNF-område, er ubebygd og over 2 daa.

Konsesjonslova har til føremål å regulere og kontrollere omsetjinga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og slike eigar- og brukstilhøve som er mest gagnlege for samfunnet, m.a. for å tilgodesjå framtidige generasjonar sitt behov,

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

landbruksnæringa, trangen for utbyggingsgrunn, omsynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftsinteresser og omsynet til busettinga, jf § 1.

Når ein skal vurdere om konsesjonssøkjar skal få konsesjon, må ein gjere ei interesseavvegning på grunnlag av lova sitt føremål slik det kjem til uttrykk i § 1.

Rådmannen meiner at det omsøkte arealet ikkje har veldig stor verdi som produktivt skogsbruksareal. Det ligg ikkje i eit område som kommunen har identifisert som viktige skogbruksområde, og er heller ikkje ein del av eit bruk i drift. Søkjar oppgjev at bruken av arealet skal vera som før. Rådmannen kan ikkje sjå at overdraginga er i strid med føremålsparagrafen til konsesjonslova, og vil gje konsesjon som omsøkt.

Regelverk

- Konsesjonslova
- Rundskriv M 1-2021 Konsesjons, priskontroll og buplikt frå landbruks- og matdepartementet

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytt fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Siril Sylta
Tenesteleiar

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Silje Karin Hammer

Beitingsvegen 248

5918 FREKHAUG